



Nissedal kommune – Kviteseid kommune
Interkommunalt plankontor



NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Att. Henrik Hveding

Melding om vedtak

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
201908012-7	2021/2014-3	Sveinung Seljås, 35 04 84 30 sveinung.seljas@nissedal.kommune.no	S11	18.11.2021

Bjønntjønn kraftverk - Konesjonssøknad - Høyringsvar - Særutskrift

Her følgjer formannskapssak 119/21 som Nissedal kommunes høyringsvar vedkomande konesjonssøknaden for Bjønntjønn kraftverk..

Konklusjonsavsnittet i saksutgreiinga gir eit samandrag av høyringsvaret:

Nissedal kommune er positive til at det blir gitt konesjon for ei utbygging av Bjønntjønn kraftverk og Bjønntjønn pumpestasjon slik søknaden frå Siram AS legg opp til. Kommunen er nøgd med dei avbøtande tiltaka som er føreslått. Kommunen vil likevel be om ei ny fagleg vurdering av vald inntaksløysing/ røyrgateplassering frå Bjønntjønn, sett opp mot løysinga som løyvehavar tidleg på 2000-talet arbeidde ut frå.

Den alternative røyrgatetraseen er ikkje godkjent som massetak, og mellomlagring her av overskotsmasse frå sprenging i røyrgata, er ikkje ønskeleg.

I vedtaket er det også vist til kommuneplanens formuleringar om naturmangfald og at desse må bli tatt omsyn til i den vidare behandlinga av søknaden. Kommuneplanen ligg på lenka under, formuleringane på side 15, punkt 4.2.4 kulepunkt 2 i samfunnsdelen av planen:

<https://www.nissedal.kommune.no/kommuneplanes-samfunnsdel-2020-2031.508682.nn.html>

Med helsing

Sveinung Seljås
-plansjef

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.



Nissedal kommune

Arkiv: S11
 Saksmappe: 2021/2014-2
 Sakshandsamar: Sveinung Seljås
 Dato: 08.11.2021

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	119/21	18.11.2021

Bjønntjønn kraftverk - Konsesjonssøknad - Høyringsvar

Konsesjonsgjevar: NVE, Konsesjonsavdelingen Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO

Vedlegg:

- Høyringsbrev, NVE, dat. 27.09.21.

Fakta i saka:

Siram AS, søker på vegne av Juvåna fallrettighetslag/Bjønntjønn Kraft AS (selskap under stifting) om konsesjon for bygging av Bjønntjønn kraftverk med Bjønntjønn pumpestasjon. Planlagt kraftstasjon ved Støylsbekken/Stebukjerra skal nytte fallhøgda, 130,3 m frå Bjønntjønn og til kraftstasjonen. For ytterlegare å auke produksjonen er det søkt om å etablere ein pumpestasjon som pumpar vatnet opp 22,3 m frå Bjønntjønnhylen til Bjønntjønn. Bjønntjønn er søkt regulert med 60 cm, Bjønntjønnhylen med 50 cm. På strekningane av Skogbuåna (Bjønntjønn-Bjønntjønnhylen) og Juvåna (nedstraums Bjønntjønnhylen) som blir påverka av reguleringa, vil det bli minstevassføring sommar og vinter på høvesvis 100 og 65, og 110 og 65 l/sek.

Dei omtala tiltaka må ha løyve både etter energiloven og etter vannressursloven.

Før NVE avgjer søknaden, er han nå sendt på høyring, høyringsfrist 26.11.21.

Søknaden ligg på heimesida til NVE, og kan lettast hentast ved å gå inn på lenka i høyringsbrevet som ligg som vedlegg til denne saka.

Nissedal kommune er tilskriven både som høyringspart i saka, og som tilretteleggar for ei så brei høyring lokalt som råd. Som høyringspart blir kommunen beden om synspunkt på om planane bør gjennomførast, eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar av planane. NVE ønsker også grunngevevne forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet.

Alle tiltaka blir liggande innom kommunedelplanen for Gautefallheia, sist rullert i 2014. Øvre del av røyrgata til kraftstasjonen og inntaket til denne i Bjønntjønn blir i tillegg liggande i detaljreguleringsplanen *Bjønntjønn* (2011). Tomt for kraftstasjon og røyrgata er vist i kommunedelplanen, og røyrgata i detaljreguleringsplanen.

Tidleg på 2000-talet blei det også arbeidd med å realisere dette kraftverksprosjektet. I 1998 blei prosjektet godkjent som ikkje konsesjonspiktig. Etter lovendring i 2001 blei det sett frist på fem år til å realisere prosjektet. Denne fristen blei etter søknad forlenga med tre år til utgangen av 2008. I 1998 blei det også godkjent ein reguleringsplan for fritidsbustader i dette området. I 1999 blei det gitt byggeløyve for opparbeiding av vegar og tomter i samsvar med reguleringsplanen (DDU-sak 023/99). I samband med denne utbygginga blei det også sett i

gang arbeid med å sprengje trase for røyrgate frå Bjønntjønn. Uttaket skjedde frå det som i reguleringsplanen var definert som utbyggingsområde C, og der det ikkje var utarbeidd detaljert tomtedelingsplan. Uttaket var ikkje spesifikt nemnd i byggesøknaden for vegar og tomter, men blei oppfatta omfatta av søknaden. I og med at søkar her hadde planar om røyrgate, syntest dette å vere ein god kombinasjon. Arbeidet blei derimot ikkje fullført, og både konsesjonsfritaket og byggeløyvet gjekk ut på dato. Det er køyrt ut mykje masse frå sprengingar her. Den traseen det nå blir søkt konsesjon for, er derimot ikkje den same som den det er sprengt i. I dag framstår tiltaket frå tidleg 2000-tal nærast som eit massetak. Noko slikt er likevel ikkje godkjent av kommunen. Opplysingane om dette på s. 36 i søknaden er derfor misvisande. I den nye detaljreguleringsplanen over området frå 2011 er dette området igjen avsett som byggeområde for fritidsbustader, konsentrert utbygging (blokker).

Vurdering:

Nissedal kommune er generelt positive til utnytting av vasskraft til produksjon av fornybar energi, men den enkelte utbygging må vurderast opp mot dei eventuelle negative fylgjene ei utbygging vil føre til.

Ut frå det som er lagt fram av dokumentasjon i søknaden, synest dei valde løysingane gode. Dei avbøtande tiltaka både med omsyn til å ta vare på/gjenbruke kulturminne som fløtingsstemmen i Bjønntjønn, moderate reguleringshøgder og sikring av minstevassføring, vil langt på veg eliminere eventuelle skadeverknader av utbygginga.

Kommunedirektøren saknar derimot i søknaden omtale av den nære historia til dette prosjektet, jf. faktadelen i saka her. Rett nok godkjente kommunen i 2011 ein detaljreguleringsplan som la til grunn at røyrgata blei flytta til slik søknaden nå viser. Føresetnaden for den flyttinga var at området som alt var utsprengt fortsatt skulle utviklast til byggeområde. Nå, over ti år etter dette vedtaket, kan det konstaterast at det ikkje har skjedd noko i dette området, med unntak av at det sporadisk er køyrt ut sprengt stein. Frå kommunens side gir dette grunn til å be om at det på nytt blir gjort ei fagleg vurdering av dei alternative inntaksplasseringane.

Erfaringar med oppsetting av knuseverk og sprenging/pigging av sprengt masse så nært opp til konsentrert fritidsbustader er negative. Å bruke dette området som lagringsplass for overskotsmasse av sprengt stein frå røyrgata, slik det blir føreslått i søknaden, er derfor ingen god ide. Slik overskotsmasse må derfor helst finne sin bruksmåte utan unødig mellomlagring.

Konklusjon:

Nissedal kommune er positive til at det blir gitt konsesjon for ei utbygging av Bjønntjønn kraftverk og Bjønntjønn pumpestasjon slik søknaden frå Siram AS legg opp til. Kommunen er nøgd med dei avbøtande tiltaka som er føreslått. Kommunen vil likevel be om ei ny fagleg vurdering av vald inntaksløysing/ røyrgateplassering frå Bjønntjønn, sett opp mot løysinga som løyvehavar tidleg på 2000-talet arbeidde ut frå.

Den alternative røyrgatetraseen er ikkje godkjent som massetak, og mellomlagring her av overskotsmasse frå sprenging i røyrgata, er ikkje ønskeleg.

Kommunedirektørens tilråding:

Nissedal formannskap sender denne saksframstillinga som kommunens høyringssvar til konsesjonssøknaden for Bjønntjønn kraftverk/Bjønntjønn pumpestasjon. NVE kan nytte konklusjonsavsnittet som eit samandrag av høyringssvaret.

Saksprotokoll i Formannskapet - 18.11.2021

Omforeina tilleggsframlegg:

Nissedal kommune ber også om at kommuneplanen sine formuleringar om naturmangfald vert teke omsyn til i den vidare handsaminga av søknaden.

Votering: Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding med tilleggsframlegget.

Vedtak:

Nissedal formannskap sender denne saksframstillinga som kommunens høyringssvar til konsesjonssøknaden for Bjønntjønn kraftverk/Bjønntjønn pumpestasjon. NVE kan nytte konklusjonsavsnittet som eit samandrag av høyringssvaret.

Nissedal kommune ber også om at kommuneplanen sine formuleringar om naturmangfald vert teke omsyn til i den vidare handsaminga av søknaden.